

Hallo i nedslagsfeltet!

Fredag 11.januar kom dagen eg hadde venta lenge på. Då var det endeleg klart for avreise til Østerrike og Tsjekia saman med 50 andre elevar ved Valdres folkehøgskule. På programmet sto seks dagar med skikjøring, før vi skulle reise vidare til Praha der planen var shopping og kultur i tre dagar til endes.

Etter ein lang busstur på over 30 timar kom vi fram til Schladming, alpelandbyen der det skal vere VM i alpint 4.-17.februar. Med andre ord var det allereie mykje liv og røre både i bakken og gatene. Under opphaldet budde vi på ein koseleg bibelskule som låg rett ved sidan av skiheisa, noko som passa ypparleg.

Første dagen hadde vi frikjøring og kunne boltre oss fritt i dei utallege løypene. Neste dag vart vi delt inn i grupper etter ferdigheitsnivå. Instruktøren vi fekk på gruppa mi hadde massevis av erfaring og visste godt kvar vi skulle køyre for å finne dei beste forholda. I tillegg til å vere eit råskinn på ski hadde han også ei fortid som toppidrettsutøvar i både sjukamp og boksing, så han var med andre ord svært atletisk.




*Skigruppa mi i Østerrike.
Gut som står nr. 3 frå venstre har på seg "tabbeforkledet", som kvar dag vart gitt til den som tabba seg ut mest.*



Nydelege forhold i skianlegget i Schladming!

Neste dag valde eg å vere med på ein topptur i det nydelege alpelandskapet. Vêret var fortreffeleg og eg fekk for første gong bruke randoneéskia min på ein ordentleg topptur. Kjensla av å suse ned ei fjellside i fin puddersnø etter å ha brukt fleire timar på å kave seg opp var heilt, heilt ubeskriveleg.





Majestetiske fjell på topptur. Heilt fantastisk!

I området rundt der vi budde var det mange skianlegg, så dei neste dagane tok vi turen til både Reiteralp og Zauchensee for å finne dei beste forholda. Personleg var Zauchensee min favoritt, sidan denne plassen var eit ekte pudderparadis og serverte oss ein heil meter djup puddersnø. Heilt rått!



*Med så mykje puddersnø var i alle fall smilet på plass!
GoPro-kameraet på hovudet filma mange fine augeblikk.*

Då vi var i Zauchensee bestemte eg meg for å køyre på for full guffe sidan eg enda ikkje hadde tryna skikkeleg. Men når eg gassar på og har det utruleg morosamt endar det ofte gale. Denne gongen var ikkje noko unntak. Eg tryna med hovudet først i eit tre og pådrog meg ein liten hjernerystelse. Sjølv sagt var det veldig kjipt at dette skulle sette ein stoppar for resten av turen, men heldigvis hadde eg fått oppleve mykje god skikøyring og heilt fantastiske dagar på ski før eg skada meg.

Dagane i Praha vart litt amputerte for min del, men eg fekk likevel besøkt både Prahaborgen og det astronomiske uret i tillegg til å shoppe litt.

Etter ei lang reise tilbake til Valdres og tolv uforgløyemelege, morosame og litt slitsame dagar på tur bestemte eg meg for å reise heilt heim att for å bli ordentleg bra etter hjernerystelsen. Og etter godt over ei veke med kvile set eg i morgon kursen tilbake til Valdres igjen, der både snøholetur, toppturar, hundekøyring og musikalframføring står på planen dei neste vekene.

PS: Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 5,1

- Christina